

Norsk etnologisk gransking
Norsk Folkemuseum
Postboks 720 Skøyen
0214 Oslo
E-post: eli.chang@norskfolkemuseum.no

Oslo, desember 2014

Spørjeliste nr. 252

GRUNNLOVSJUBILEET I 2014

Den som svarar på lista er samd i at svaret blir arkivert (anonymt) og brukt av forskrarar i dag og i framtida. Brukarar av materialet pliktar å verne integriteten til opphavspersonen og eventuelle andre personar skildra i svara.

I 2014 har Noreg feira 200-årsjubileet for grunnlova 1814 gjennom mange arrangement og tiltak. Vi vil gjerne høre om ditt forhold til dette jubileet. Kva har du opplevd i jubileet og kva synest du om feiringane?

Materialet skal brukast i eit forskingsprosjekt om folket sine grunnlovsfeiringar leia av professor Olaf Aagedal ved forskingsinstituttet KIFO (Institutt for kirke-religion- og livssynsforskning). Resultata frå prosjektet vil bli publiserte gjennom artiklar i aviser og fagtidsskrift og på NEG og KIFO sine heimesider. Svara blir tatt vare på av NEG og vil vere med på å gi ettertida eit innblikk i korleis vi feira eit nasjonalt jubileum i 2014.

Spørjelista inneholder spørsmål om ulike sider ved jubileet og din deltagning i dette. Skriv gjerne lange og detaljerte svar! Hugs, du treng ikkje svare like mykje på alt, hopp over spørsmål du ikkje kan eller ønskjer å svare på.

For NEG er det innhaldet og ikkje rettskrivinga som er viktig. Svar på det målføret du ønskjer. Det er dine opplevelingar og minner vi vil høyre om. Les gjerne gjennom alle spørsmåla i undersøkinga før du byrjar å svare. Send oss svaret i posten eller bruk e-postadressa øvst.

Gode helsingar

*Olaf Aagedal
Professor ved KIFO (Institutt for kirke- religion- og livssynsforskning)
olaf.aagedal@kifo.no*

*Line Grønstad
konservator ved NEG
line.gronstad@norskfolkemuseum.no*

17. mai-feiringa i 2014

17. mai feirar vi grunnlova. I år var 17. mai også 200-årsdagen for underskriving av grunnlova i 1814.

- Blei dagen prega av 200-årsjubileet? I så fall korleis (talar, spesielle arrangement, innslag, anna)?
- Var 17. mai-feiringa 2014 lik eller forskjellig fra 17. mai andre år? På kva måte?
- Er det noko som gjorde spesielt inntrykk, positivt eller negativt, fra denne dagen? Kva var det og kvifor gjorde det inntrykk?

Historiske arrangement og historiske innslag

- Har du vore på arrangement med historiske innslag (for eksempel folk som spelar roller frå 1814-historien)? - Har du sett teaterforstillingar eller spel som er blitt framførte som ein del av grunnlovsjubileet? Korleis opplevde du desse? Fortel!
- Har du vore på arrangement på dato og staden for viktige hendingar for 200 år sidan (for eksempel feiringar på Eidsvoll, fredsavtalet i Moss)? Fortel om feiringane! Var det viktig at dei skjedde på «same tid og stad»? Kvifor/kvifor ikke?

I Den norske kyrkja har det blitt arrangert mange jubileumsgudstenester under grunnlovsjubileet.

- Har du vore på slike gudstenester? Fortel om dei, kva du likte/ikkje likte. Kva trur du at du vil hugse? Kva kyrkjer var du i?

Ulike arrangement og aktivitetar

- Har du vore på utstillingar, foredrag, konserter, debattar eller andre typar arrangement som tok utgangspunkt i grunnlovsjubileet? Fortel om arrangementa og korleis du opplevde dei.
- Har du sjølv teke del i, eller følgjt, debattar og informasjonsutvekslingar om grunnlovsjubileet og 1814-historia, på sosiale media (Facebook, Twitter, Instagram osb.), TV, radio og i aviser?

I skulen og for barn

- Dersom du har barn, barnebarn eller er mykje i kontakt med barn – har de snakka saman om grunnlova eller vore på arrangement saman? Kva gjorde de?
- Har du eller andre rundt deg tatt del i spesielle skuleprosjekt for å lære meir om grunnlova eller om hendingane rundt 1814? Fortel!
- Fekk du og barna noko ut av dette? Kva var det i så fall, eventuelt kvifor ikkje?

Media

- Kva synes du om dekninga av grunnlovsjubileet i TV, radio og avisar? Har det vore informativt, vekt interesse, gjeve nye perspektiv? Er det nokre debattar du synes har vore spesielt viktige – nokre du savnar?

Grunnlovsjubileet vart markert på TV, mellom anna gjennom ein tv-sendt folkefest frå Eidsvoll 16. februar og folkefesten frå Eidsvoll om kvelden 17. mai. Såg du desse sendingane og er det noko du hugsar som positivt eller negativt?

- NRK TV hadde ein serie som heitte «Jakten på Norge» som vart vist på vinteren i 2014 (norske Haddy N'jie og svenske Per Sinding-Larsen var programleiarar). Såg du noko av dette? Kva syntest du?

Under jubileet har sekretariatet for den offisielle grunnlovsfeiringa og andre arrangørar satsa på bruk av nettsider for formidling om kunnskap om hendingane rundt 1814 og arrangementa rundt jubileet i 2014.

- Har du sjølv, eller nokon i familien nytta internett for å finne informasjon om arrangement eller bakgrunnskunnskapar om grunnlovsjubileet? Fortel!

Kunnskap og haldningar i jubileet

- Har jubileet endra på dine kunnskapar om og kjensler for den norske grunnlova? I så fall på kva måte?
- Har jubileet endra på dine kunnskapar om og kjensler for Stortinget, hendingane på Eidsvoll, og personane frå 1814? Og kva med kunnskapar om og kjensler for personar og stader lokalt?
- Har jubileet endra dine kunnskapar og kjensler rundt demokratiet som styringsform? Fortel!
- Synest du jubileet er blitt for mykje «kjedeleg historietime» eller for mykje «kunnskapslaus underhaldning»? Korleis då!

Andre kommentarar

- Når du tenkjer tilbake på jubileet, er det noko du særleg kjem til å minnast, positivt eller negativt, som du ikkje allereie har fortalt om? Fortel!
- Har du andre kommentarar, positive eller negative, til feiringa av grunnlovsjubileet 2014 eller til denne undersøkinga?

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING - FØRSTEARK

Spørreliste nr. 252 Grunnlovsjubileet i 2014

Fylles ut og sendes inn sammen med svaret.

Navn og adresse blir ikke gitt videre til de som skal forske på svarene.

Navn:

Adresse:

Hvor bor du (fylke/kommune):

Fødselsår:

Yrke (evt. før pensjonsalder):

Opplysningene er hentet fra (fylke/kommune):